



Notat

Dato: 06.01.2016
Arkivsak: 2015/11453-15
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Godkjenning av søknad om dispensasjon frå kvalifikasjonsførekrifta

09.12.2015 vart det søkt Sjøfartsdirektoratet om dispensasjon frå kvalifikasjonsførekrifta ved Bergen maritime fagskole. Det vart søkt om at avdelingsleiar for nautikk ved fagskolen kunne vere teamleiar utan høgaste sertifikat (D1) fram til sumaren 2016. Avdelingsleiar har høgskuleutdanning innan nautikk, men har ikkje nok fartstid til å utløysa høgaste sertifikat. Med høgskuleutdanning er avdelingsleiar likevel utdanna på nivået over studentane som er under utdanning ved Bergen maritime fagskole, og det er derfor mogleg å søkje Sjøfartsdirektoratet om dispensasjon frå kvalifikasjonsførekrifta i høve til dette.

Sjøfartsdirektoratet har godkjent søknaden og avdelingsleiar sine kvalifikasjonar. Søknad til, og svar frå, Sjøfartsdirektoratet kan ein lese lengre nede i meldinga.

På bakgrunn av dette må Hordaland fagskulestyre gjere tilsetjing av ny teamleiar ved nautikk på Bergen maritime fagskole innan hausten 2016.